



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 25.05.20, klokka 10.00-12.00 Stad: Videomøte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug, Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal
Sekretariatet: Jostein Eitheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Sakshandsaming:

Sak 12/20 Meldingar

Vedtak: Meldingane vert tekne til orientering

Sak 13/20 Årsmøte 2020

Årsmøtet vert avvikla som nettmøte 15. juni 2020

- Jfr. Vedtekter for Fjordvegen Rute 13

Justering av vedtekter må inn som eiga sak på årsmøtet. Etter omnummerering av riks- og fylkesvegar i 2019 må ordlyd i vedtektene korrigerast i samsvar med dette.

- Årsmøtesaker førebuing:
 - Innkalling til årsmøte 15.06.2020

Innkalling til årsmøte skal sendast ut seinast 14 dagar før årsmøtet. Administrasjonen sender innkallinga ut ila veke 22 (denne veka).

- Årsmelding 2019

Årsmelding vart gjennomgått.

Vedtak: Styret godkjenner årsmelding med merknad om at under avsnitt "Nye større veganlegg langs Rv13 med arbeid i 2019" må koma inn ein omtale av Ryfast.

- Rekneskap 2019

Vedtak: Rekneskap 2019 er godkjent.

- Revisormelding 2019

Revisormelding var sendt ut med innkallinga, men denne vart ikkje gjennomgått i møtet.

- Strategi- og handlingsplan 2021 - 2023

Strategi- og handlingsplan vart gjennomgått av Hanne Sundbø. Styret hadde desse merknadene til prioriteringar av tiltak i inneverande år:

- Styret må i 2020 prioritera påverknadsarbeid mot sentrale styresmakter i høve den komande NTP som skal til handsaming i Stortinget våren 2021.
- Styretur langs Rv 13: Styret meiner det ikkje ligg tilrette for å gjennomføra ein slik tur før smitteverntiltaka vert endra og det vert mogeleg å gjennomføra ein tur med minibuss og også ha møter med medlemmer.
- Årskonferansen: Styret føreslår at årskonferansen 2021 vert arrangert i april/mai 2021 på same stad og med same program som den avlyste konferansen i 2020.
- Media: meir dynamisk strategi.
- Tett oppfølging av Nasjonal rassikringsgruppe fram til NTP-vedtaket
- Presentasjon for bruk av styremedlemmer til sine parti og på andre arenaer skal vedlikehaldast og kunne leverast raskt.

- Kontingent 2021

Styret foreslår slike kontingentsatsar for 2021:

Kontingent 2021 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 40.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

- Langtidsbudsjett 2021 - 2023

Langtidsbudsjett 2021-2023 var utsendt med innkallinga, men vart ikkje gjennomgått i detalj i møtet.

Tala vert justert i høve endringar i kontingentsats.

Sak 14/20 NTP arbeid vidare

- Uttale vedr. Statens vegvesen sin NTP-rapport dat. 17.03.2020

Utkast til uttale var oversendt 22.05. Styret sluttar seg til uttalen men ber styreleiar og dagleg leiar om å ta inn i teksten nokre formuleringar som viser tal på rasfarlege punkt langs vegen og tal på timar/døgn det har vore stengt over Vikafjellet denne vinteren. Uttalen bør også ha nokre "rasbilete" som illustrerer kvifor Fjordvegen Rute 13 prioriterer rassikring på topp.

- Påverknadsarbeid mot Stortinget hausten 2020 og våren 2021

Hausten 2020 og våren 2021 vil verta svært viktige ift påverknadsarbeid mot sentrale styresmakter. Styremedlemene må bruka sine partiorganisasjonar til å framsnakka rassikring inn mot prioriteringane i den komande NTP. Det er også viktig å få Nasjonal rassikringsgruppe på banen. Denne gruppa er ny etter stortingsvalet og det ser ut til at gruppa ikkje har kome heilt igang med arbeidet sitt. Fjordvegen Rute 13 må samhandla best mogeleg med denne gruppa og i fellesskap arbeida for høgste prioritet for ein nasjonal rassikringsplan i NTP.

Styret vil i neste møte ta stilling til korleis vi vil organisera påverknadsarbeidet framover med nye og endra smittevernreglar og reise- og møterestriksjonar som følgjer av dette.

Sak 15/20 Hanne informerer

- Oppfølging av gjeldande strategi- og handlingsplan

Viser til gjennomgangen av denne planen under årsmøtesaker.

For 2020: Reiseliv: Oppfølging av Travel like the locals og Nasjonale turistvegar skal prioriterast pga endringar i marknadsituasjonen og fokus på norske reisande.

Sak 16/20 Fast Post:

Gjennomgang av status for Rv13

Denne posten vart ikkje gjennomgått i møtet.

Styret bad administrasjonen framskaffa tal for trafikktutvikling ved ulike punkt knytt til effekt av Ryfast.

Sak 17/20 Innmeldte saker/Ymse

Det var ingen innmeldte saker.

Jostein Eitrheim

Referent